



Prekenknagger: Kristi himmelfart til Sankthans 2021

Hvordan skrive en preken om misjon i tida mellom Kristi himmelfart og Sankthans? Her er noen stikkord—eller knagger— som kan være til hjelp for å se det misjonale og internasjonale perspektivet i søndagens tekst. Bruk dem til andakter, prekener, internettvideoer eller annet!

2. pinsedag – 24. mai

L1 Jes 44,3-5 L2 Apg 11,19-26 E Joh 6,44-47

- Jesajateksten tar opp igjen temaet frå Pinseaftan om Anden som vatn på tørt land.
 - Faderen drar oss til Sonen. *Ingen kan koma til meg utan at Far som sende meg, dreg han* (Joh 6,44). Dette gjer han ved Anden, jf. forklaringa til 3. trusartikkelen.
 - Faderen sender Sonen. Utgangspunkt for tanken om *missio Dei* – Guds misjon. Den klassiske læra om tilhøvet mellom dei tre personane i guddommen, blir utvida i nyare misjonstenking: Gud sender kyrkja til verda. Alle døypte er såleis kalla til å vere sendt av Gud. «Skapt, døypt og sendt».
 - Storbymisjon: Antiokia (sør-aust i dagens Tyrkia), var ein metropol med rundt ein halv million menneske, og den tredje største byen i Romarriket. Ein multietnisk by med gresk kultur. Byen fekk tidleg ein internasjonal kyrkjelyd, og det var der læresveinane først blei kalla «kristne» (Apg 11,26). Korleis reflekterer norske kyrkjelydar eit aukande etnisk mangfold?
 - Evangelisering blant gresktalande, dvs. ikkje-jødar (Apg 11,20). Misjonsbodet frå Kristi himmelfartsdag om å forkynna evangeliet for alle folkeslag, er i ferd med å bli oppfylt (Luk 24,47).
 - Kyrkja i Jerusalem sende Barnabas til Antiokia, og kyrkjelyden i Antiokia sender Barnabas og Saulus ut som misjonærar (Apg 13,1-3). Det same mønsteret går igjen i vår tid: Dei som før var mottakarar av misjon, sender no ut sine eigne misjonærar.

*Av: Geir Sakseid
misjonsrådgjevar i Møre bispedøme*